

# Eksamen

24.05.2018

NAB3001 Naturforvaltning

**Programområde:** Naturbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Det blir lagt vekt på at</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• oppgåvesvara dine har ein god struktur og ei logisk oppbygging</li><li>• du kan forklare omgrep og bruke oppgjevne og eventuelt eigne føresetnader på ein fornuftig måte</li><li>• du kan forklare omgrep, utfordringar, årsaker og tiltak</li><li>• du kan bruke døme for å konkretisere svara dine</li><li>• du kan peike på tiltak og verkemiddel både lokalt og globalt og grunngje kvifor du foreslår dei tiltaka du gjer</li><li>• du viser økologisk forståing og veit kva vi meiner med berekraftig naturbruk</li></ul> <p>du kan reflektere over moglege interessekonfliktar mellom bruk og vern i eit område</p>
<b>Andre opplysningar</b>	Eksamen består av to oppgåver. Du skal svare på begge. Dei to oppgåvene tel like mykje i vurderinga.

## **Oppgave 1 – kulturlandskap og biologisk mangfald (BM)**

- a) Kva meiner vi med kulturlandskap og biologisk mangfald?
- b) Kva for verdiar er knytte til bevaring av kulturlandskap og biologisk mangfald?
- c) Gjer greie for ulike trugslar mot biologisk mangfald globalt og i Noreg.
- d) Forklar korleis desse tiltaka kan bidra til å bevare biologisk mangfald:
  - internasjonale avtalar
  - auka kunnskap/kompetanse
  - arealplanlegging
  - lovverk

## **Oppgave 2 – miljøutfordringar**

Miljøutfordringane blir ofte delte inn i globale, regionale og lokale utfordringar (problem).

- a) Forklar inndelingane, og gje døme på miljøutfordringar for kvar gruppe.
- b) Gjer greie for kva vi meiner med naturleg og menneskeskapt drivhuseffekt, og forklar kort dei klimautfordringane vi har i dag.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Det blir lagt vekt på at</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• besvarelsen din har en god struktur og logisk oppbygning</li><li>• du kan forklare begreper og bruke angitte og eventuelt egne forutsetninger på en fornuftig måte</li><li>• du kan forklare begreper, utfordringer, årsaker og tiltak</li><li>• du kan bruke eksempler for å konkretisere svarene dine</li><li>• du kan peke på tiltak og virkemidler både lokalt og globalt og begrunne valget av tiltak du foreslår</li><li>• du viser økologisk forståelse og vet hva som menes med bærekraftig naturbruk</li><li>• du kan reflektere over mulige interessekonflikter mellom bruk og vern i et område</li><li>•</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Eksamen består av to oppgaver. Du skal svare på begge. De to oppgavene teller like mye i vurderingen.

## **Oppgave 1 – kulturlandskap og biologisk mangfold (BM)**

- a) Hva menes med kulturlandskap og biologisk mangfold?
- b) Hvilke verdier er knyttet til bevaring av kulturlandskap og biologisk mangfold?
- c) Gjør rede for ulike trusler mot biologisk mangfold globalt og i Norge.
- d) Forklar hvordan følgende tiltak kan bidra til å bevare biologisk mangfold:
  - internasjonale avtaler
  - økt kunnskap/kompetanse
  - arealplanlegging
  - lovverk

## **Oppgave 2 – miljøutfordringer**

Miljøutfordringene deles ofte inn i globale, regionale og lokale utfordringer (problemer).

- a) Forklar inndelingen, og gi eksempler på miljøutfordringer for hver gruppe.
- b) Gjør rede for hva som menes med naturlig og menneskeskapt drivhuseffekt, og forklar dagens klimautfordringer kort.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)